

Målsettingar for FoU-arbeidet

Å forstå og sjå dei små samanhengane er avgjerande for å finne løysingane på dei store spørsmåla. Vestnorsk Fjordlandskap vil utvikle kunnskap om utfordringane lokalsamfunn har i arbeidet for økonomisk og sosial utvikling som samstundes tek vare på miljøverdiar. Samstundes er ambisjonen at denne kunnskapen kan fungere som eit føredøme for berekraftig utvikling i sårbare naturområde i ein global samheng. Den overordna målsettinga for FoU-arbeidet for Vestnorsk Fjordlandskap er dermed:

Vestnorsk Fjordlandskap – eit laboratorium for berekraftig utvikling.

I denne samheng ser Vestnorsk Fjordlandskap på berekraftig utvikling som aktivitet som både kan gi verdiskaping, verne om og bevare naturverdiane i OUV og bidra til livskraftige lokalsamfunn i og i randsona rundt verdsarvområdet.

Ordet laboratorium gir mange assosiasjonar. Med laboratorium-omgrepet ønskjer Vestnorsk Fjordlandskap å signalisere: 1. At det er eit ønskje om å byggje kunnskap for å finne innovative løysingar og modellar knytt berekraftig utvikling i området. 2. Å løfte desse opp i ein større samheng. Det er likevel ein føresetnad at det vert forska med og ikkje berre på område, innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv.

Gjennom FoU-strategiprosessen er det definert åtte utfordringsområde som dannar utgangspunkt for Vestnorsk Fjordlandskap sine prioriteringar. Desse er definerte som:

- Oversikt over forskning knytt til Vestnorsk Fjordlandskap
- Forståing, overvaking og ivaretaking av Outstanding Universal Value (OUV) i Vestnorsk Fjordlandskap
- Forstå samspelet mellom naturverdiane i OUV og samfunn i Vestnorsk Fjordlandskap
- Heilskapleg og berekraftig forvaltning av Vestnorsk Fjordlandskap
- Utvikling av eit berekraftig næringsliv i Vestnorsk Fjordlandskap
- Oppslutning om Verdsarvstatus og berekraftig utvikling
- Berekraftig teknologiutvikling i Vestnorsk Fjordlandskap
- Formidling av verdsarvverdiane gjennom forskning

Gjennom dette skal FoU- arbeidet i Vestnorsk Fjordlandskap bidra til å:

- Sikre, styrke, verne om og formidle verdsarven
- Nytte dei moglegheitene verdsarvstatusen gir til å utvikle innovative berekraftige løysingar som kan nyttast både lokalt, nasjonalt og i global samheng

Kunnskapsoppbygginga vil dermed vere knytt både til grunnforskningsprosjekt og til meir utviklingsretta prosjekt. Ein føresetnad for å nå desse ambisiøse måla er å utvikle samarbeid med forskingsinstitusjonar, utdanningsinstitusjonar, næringsliv, lokalsamfunn og andre i berekraftig utvikling og forvaltning av området.

FoU-oversiktstabell

Som nemnt over er FoU-strategien utfordringsdriven. Det er definert åtte hovudutfordringar for Vestnorsk Fjordlandskap. Desse hovudutfordringane er deretter spesifisert i temaområde. Frå desse temaområda er det igjen utforma overordna forskingsspørsmål som i varierende grad er spesifisert i underordna FoU-behov og problemstillingar.

Under er det laga ein oversiktstabell over utfordringar, tema og overordna forskingsspørsmål. Tabellen er meint å gi ein lettfatteleg oversikt over heile forskingsfeltet som er nærare skildra i dei påfølgjande avsnitta.

Utfordring	Tema	Overordna forskingsspørsmål (OF)
0. Oversikt over forskning knytt til Vestnorsk Fjordlandskap		
	Kunnskapsstatus	Utdjuping: Oversikt over forskning i og på VF, oppretting av system for å halde oversikt over tid
	Vestnorsk Fjordlandskap si geologiske historie	Utdjuping: Historia kan gjelde delar av eller heile området.
1. Forståing, overvaking og ivaretaking av Outstanding Universal Value (OUV) i Vestnorsk Fjordlandskap (VF)		
	Auka forståing av Outstanding Universal Value (OUV)	Indikatorutvikling: Kva indikatorar kan på ein god måte illustrere og måle naturverdiane i OUV?
		Kva eksisterer av kunnskap knytt til miljøstatus for naturverdiane i OUV i verdsarvområdet? Kva er det behov for meir kunnskap om?
		Korleis kan vi forstå samspelet som utgjer OUV i verdsarvområdet?
	Overvaking av OUV	Kva er utviklinga knytt til OUV-indikatorar over tid? Kva er årsaka til denne utviklinga?
		Kva er truslar mot OUV i Vestnorsk Fjordlandskap?
	Bidrag for å løyse konkrete miljøutfordringar og miljømålsetjingar	På kva måte kan ein løyse utfordringar i VF knytt til: <ul style="list-style-type: none"> • logistikk på land og vatn i spesielt utsette område • utslepp av avgassar på land og til sjøs • mindre energibruk? • minske og reinske kloakkutslepp i VF?
	Auka forståing av klimarelatert innverknad på verdsarvområdet	Korleis påverkar klimaendringar OUV i Vestnorsk Fjordlandskap? Korleis skal VF tilpasse seg klimaendringar?
2. Forstå samspelet mellom naturverdiane i OUV og samfunn i Vestnorsk Fjordlandskap (VF)		
	Forståing av samspelet	Korleis har samspelet mellom natur og

		Samfunn utvikla seg over tid i Vestnorsk Fjordlandskap?
	Overvaking av samspelet mellom samfunn og naturområda	Korleis kan samspelet mellom verdsarv og samfunn operasjonaliserast? (Utvikling av indikatorar.)
		Kva er utviklinga av samspelet og hovudtruslar mot naturverdiane i OUV over tid?
	Eigarskap til verdsarven	Kven eig verdsarven? Korleis er samspelet mellom økonomiske aktørar på ulike geografiske nivå i VF?
	Auka forståing av klimarelaterte påverknader i verdsarvområdet	Korleis påverkar klimaendringar samspelet mellom menneskeleg aktivitet og naturverdiane i OUV i VF?
	Verdsarvens påverknad på lokal verdiskaping og lokalsamfunnsutvikling	Korleis påverkar verdsarvstatusen lokal verdiskaping og lokalsamfunnsutvikling?
	Levande lokalsamfunn	Korleis kan ein ivareta og vidareutvikle moglegheitene til å leve og bu i fjordane, og samtidig ta vare på miljøet?
	Vestnorsk Fjordlandskap som laboratorium knytt til berekraftig samspel	Korleis utvikle og prøve ut nye modellar for berekraftig samspel mellom natur og samfunn i Vestnorsk Fjordlandskap?
3. Heilskapleg og berekraftig forvaltning av Vestnorsk Fjordlandskap (VF)		
	Statusoversikt	Kva er status knytt til forvaltning av VF og kunnskap om dette? (På lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå.)
	Styrker og utfordringar	Kva er styrker og utfordringar knytt til forvaltning av VF sett i lys av ei heilskapleg forståing av berekraftig utvikling?
	Nye forvaltningsløyningar	Korleis kan forvaltninga bidra til berekraftig lokalsamfunnsutvikling?
		Korleis kan ein finne metodar for meir miljøvenleg og tilpassa besøksforvaltning i VF? (Pågåande arbeid i regi av Aurland naturverkstad)
	Finansiering av fellesgode	Kva finansieringsmodellar er realiserbare for å finansiere fellesgode i VF?
	Samanhengen mellom verneområda og Vestnorsk Fjordlandskap	Korleis opprette eit godt samspel mellom forvaltning av verneområde innafor VF og forvaltning av VF som heilskap?
	VF som laboratorium for berekraftige forvaltningsløyningar	Korleis utvikle og prøve ut nye forvaltningsmodellar for Vestnorsk Fjordlandskap?

4. Utvikling av eit berekraftig næringsliv i Vestnorsk Fjordlandskap (VF)		
	Reiseliv	Kva er økonomiske effektar av turismen i VF? (T.d. på lokal, regional, nasjonal og internasjonal økonomi.) (Fordelt på ulike grupper av turistar som enkeltreisande, gruppereisande båt, gruppereisande buss osv.)
		Kva er miljømessige effektar av turismen i VF? (T.d. utslepp til luft og vatn, avfall) (Fordelt på ulike grupper av turistar som enkeltreisande, gruppereisande båt, gruppereisande buss osv.)
		Kva strategiar kan bidra til å auke sesongen for turistar i VF?
		Kva strategiar kan bidra til å auke opphaldstid for turistar i VF?
	Landbruk	Kva skal til for å bevare og auke landbruksaktivitet i Vestnorsk fjordlandskap? (T.f. Forvaltning, verdsetting, rekruttering, økonomi.)
		Kva er miljøgevinstar og kva er miljøulempar knytt til eksisterande landbruk i VF?
		Kva kjenneteiknar samspelet mellom eksisterande landbruk og naturverdiane i OUV?
		Kva tiltak må settast i verk for å bevare landbrukets funksjon i kulturlandskaps- og kulturminneskjøtsel over tid?
	Grøne næringar	Kva er føresetnadane for etablering av miljøvenlege næringar i verdsarvområda? (Marknad, produksjon, arbeidskraft, kompetanse, kultur)
	Merkevarebygging	Kva er det unike ved reiselivsproduktet VF?
		Korleis skal VF utvikle ei eller fleire merkevarer som gir meirverdi til lokale og miljøvenlege næringar?
	VF som laboratorium for ny berekraftig næringsutvikling	Kva modellar kan høve for berekraftig næringsutvikling i VF?
5. Oppslutning om Verdsarvstatus og berekraftig utvikling		
	Forståing av særtrekk ved eksisterande kultur i eit berekraftperspektiv	Kva er særtrekk ved eksisterande lokal og regional kultur i eit berekraftperspektiv?
	Berekraftig utvikling	Kva skal til for å endre lokal og regional praksis i ei meir miljøvenleg retning?
	Dialog om berekraftig	Kva skal til for å få til eit godt samspel

	utvikling	mellom vernemyndigheiter, kommunar, lokalsamfunn og næringsaktørar i VF om berekraftig utvikling?
	Forholdet mellom verneverdiar og utnytting av ressursar	Kvar er grenseoppgangane mellom lokal oppslutning om Verdsarven og verdsarvverdiane og restriksjonar på lokal utnytting av naturressursar som til dømes vatn, landbruk, fjord og område til fritidsaktivitetar?
	VF som laboratorium for berekraftig samfunnsutvikling	Kva arbeidsmåtar kan nyttast for å bidra til å utvikle berekraftige verdsett og tenkemåtar i Vestnorsk Fjordlandskap? (T.d. hos lokalbefolkning og hos besøkande)
6. Berekraftig teknologiutvikling i Vestnorsk Fjordlandskap (VF)		
	Reiseliv	Korleis kan nye teknologiske løysingar bidra til utvikling av eit økonomisk berekraftig reiseliv lokalt? (Gjelder spesielt utviding av sesong, aktivitetstilbod og opphaldstid.)
	Formidling	Korleis kan teknologiske løysingar bidra til å formidle verdsarven på nye måtar? (Kva type teknologi og/eller tekniske løysingar?)
	Hinder for å ta i bruk teknologi	Kva er hindringar for å ta i bruk ny teknologi innafor ulike næringar? (Spesielt knytt til reiseliv og landbruk.)
	Teknologiske løysingar i formidlingsstrategi	På kva måte kan VF mest effektivt ta i bruk nye teknologiske løysingar i formidling av verdsarvverdiane?
	Grøne transportløysingar	Kva er hinder og moglegheiter for utvikling av grønne transportløysingar knytt til Vestnorsk Fjordlandskap? (T.d. Teknologi, verdsett, økonomi, forvaltning) (Både på sjø og land. Cruise, buss, persontransport.)
	VF som laboratorium for grøn teknologi	På kva måte kan VF bidra til å utvikle og prøve ut nye berekraftige teknologiske løysingar?
7. Formidling av verdsarvverdiane gjennom forskning		
	Kopling av FoU og formidling	VF har ein eigen formidlingsplan: Korleis skal VF kople forskning og formidling?
	Bygging av kompetansmiljø lokalt	Korleis skal VF sikre at kompetanse om områda også vert liggande lokalt?
	Stadformidling og vertskapskultur	Korleis kan ein vidareutvikle metodar og modellar for stadformidling og utvikling av vertskapsrolla?